

Grunnsteinmarkeringa i ord og bilde

Styreleiar Agnes Landstad ønska velkommen til statsminister Erna Solberg og omlag 70 gjestar frå kommunar, fylkeskommune, etatar, organisasjonar, entreprenør og underleverandørar og våre eigne. Det vart ein strålande dag på alle måtar.

- Dette er ein stor dag for oss i Helse Førde. I dag legg vi ned grunnstein på det største delprosjektet i Helse Førde – Livabygget, sa Arve Varden i sin tale til statsminister og gjestar.

Dette vart dagen der mange nytta høvet til å gje Helse Førde ros og gode ønskjer. I sin tale sa mellom anna Agnes Landstad følgande: - Helse Førde har fantastiske medarbeidrarar som arbeider kvar dag for å møte pasientane sine behov, i nært samarbeid med kommunale helsearbeidrarar i helsefellesskap.

Helsefellesskapet var også stikkord i fleire av talane. Statsministeren sa det slik: - Nye bygg vil gi nye arbeidsformer- og det er viktig! Pasienten skal vere i sentrum for det vi gjer. Gjennom dei nye helsefellesskapa skal vi samarbeide med fyrstelinja i kommunane. Slik vil pasientane, særleg dei med størst behov, oppleve eit helsevesen som heng saman. Til Firda sa også Solberg at frå tidlegare møte med helseføretaket hadde ho danna seg eit bilde av eit godt samspel og ein drivkraft for å stadig utvikle og forbetre tilbodet.

Ordførar i Stad, Alfred Bjørlo sa at han gledde seg over det store løftet som no blir gjort for å fornye nedslitte Førde Sentralsjukehus. – No skal vi saman utvikle både framtidsretta lokalsjukehustenester og gode felles helsetenester i fellesskap i Sogn og Fjordane og Vestland. Tida for strid er over – no skal vi løfte i flokk.

Dette understreka også ordførar i Sunnfjord, Olve Grotle. – Sjukehusstriden tok enormt mykje energi. Mitt inntrykk er at striden har lagt seg.



Frå venstre: Arve Varden, Agnes Landstad, statsminister Erna Solberg, fylkesleiar i N.K.S Anne Marie Strømsøy generalsekretær i N.K.S. ordførar Olve Grotle, varaordfører Jenny Følling, ass. kommunedirektør Lise Mari Haugen.

Saman med Statsministeren vart Norske Kvinners Sanitetsforeining invitert til å legge ned grunnsteinen. I sin tale sa generalsekretær Grete Herlofson at det var ein festdag også for Sanitetskvinnene.

- Våre over 40000 medlemmar over heile landet heiar på den flotte utviklinga de på sjukehuset i Førde står midt i. Takk for at de prioritærer å gi barn ein god velkomst til livet, takk for at de prioritærer kvinnehelse, og takk for at de inviterte oss til å få vere med på å markere denne viktige hendinga. Vi gleder oss til å følge utviklinga, og vil no for alltid ha eit spesielt hjerte for Livabygget og det tilbodet som vil følgje, avslutta Grete Herlofson.



Frå venstre: Arve Varden, Agnes Landstad, statsminister Erna Solberg, fylkesleiar i N.K.S Anne Marie Strømsøy generalsekretær i N.K.S. Grete Herlofson og administrerande direktør i Helse Vest Inger Cathrine Bryne.



På talarstolen, administrerande direktør i Helse Vest Inger Cathrine Bryne. - *Eg er stolt over Helse Førde, både leiarar og medarbeidrarar, som Stein på Stein bygger både eit flott og framtidsretta sjukehus – og samtidig tydeleg prioritærer kvalitet og pasientsikkerheit.*



Opprettet: 05.08.2021 14:07 av [Masdal, Margunn Langedal](#)
Sist endret: 05.08.2021 14:48 av [Masdal, Margunn Langedal](#)